



Det nye styret i Uskedalen Utvikling med varamedlemer: Frå venstre foran sit Anita Ænes, Klara Bakke og Magnhild Haugland. Bak står, frå venstre, Gunnar Myklebust, Reidar Myklebust, Jan Erik Olsson og Magne Huglen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under årsmøtet i Uskedalen Utvikling i Gamleskulen tysdag kveld gjekk formann Jeanette Guddal og styremedlem Michael Røssland ut av styret medan styremedlem Klara Bakke held fram. Styret vart utvida frå tre til fem medlemer og dei nye vart Magne Huglen, Gunnar Myklebust, Reidar Myklebust og Anita Ænes. Dei konstituerer seg sjølve. Varamedlemer er Jan Erik Olsson og Magnhild Haugland.

Bygdeutviklingsprosjektet går no mot slutten og årsmøtet slutta seg til tanken om å danna eit dialogforum som har møte kvar månad og tek opp aktuelle saker. Men gruppene under Bygdeutviklingsprosjektet som framleis fungerer bør ikkje leggjast ned.

Tanken om eit dialogforum kjem opprinneleg frå Gunnar Myklebust og det vart vedteke at det skal ha det første møtet sitt 25. mars og det neste 22. april. Møtene skal sjølvstøtt vera opne.

Kristian Bringedal skisserte det nye forum slik han tenkjer seg det og det kom ingen innvendingar. Han presiserte at styret framleis skal ha driftsansvaret for UU, mellom anna Gamleskulen, og vera den samlande uttalepart i høve til offentlege saker.

Dialogforumet skal vera frittstående og bør leiast av ein leiar, ein frå styret og ein frittstående. Det skal ikkje ha vedtaksrett men ta opp saker til drøfting som gjerne blir meldt inn før møta.

Som eit døme på ein typisk sak nevnte Bringedal brannberedskapen i Skårhaug som vart teke opp på eit UU-møte før jul. Andre aktuelle saker kan vera vassforsyninga, vertshuset, marknadsføring, arrangement, trafikksituasjonen og bustadfelt. Dialogforumet skal ikkje nytta midlane til UU, men skaffa eigne. Det bør ikkje minst tenkja på nye tiltak og vera motiverande.

Arne Terje Haugland nevnte Børnes som ei aktuell sak for det nye forumet. Området er no inne i ei gunstig utvikling, men snart er det fullt der og kan det skaffast næringsareal andre stader i bygda? Og kva har dei som slår seg ned på Børnes for tankar om utviklinga framover?

Audun Eik berømme Bringedal for den kjempejobben han har gjort i samband med Bygdeutviklingsprosjektet medan Magnhild Haugland streka under at uskedalen.no gjer det enklare for eit dialogforum ettersom alle no veit meir om kva som skjer i bygda.

Magne Huglen opplyste at han ikkje kjem til å bruke den adressa han er tildelt og som plasserer Dønhaug på Kjærlandssido. Han sa at det nye adressesystemet forenkler så mykje at ein mistar ein kulturhistorisk verdi. Bringedal sa at det nye systemet ikkje minst er laga for at utrykningskøyrety skal finna fram og at Huglen sitt problem er at han har oppkøyring frå to kantar. Huglen reagerte også på formen "sido" og ville heller hatt "vegen".

I årsmeldinga til næringsutviklingsgruppa heiter det at ein må jobba vidare for å få ein sandvolleyball-bane og trådlaust nettverk i hamna og for å få orden på boss-oppsamling for hytte- og feriefolk. Gruppa har mellom anna arbeid for å få Børnes fram i lyset og oppryddinga der er i full gang samstundes som fleire har vist interesse for området.

Gruppa for turvegar og friluftsliv konstaterer at arbeidet med å bli kvitt "Tromsøpalma" var vellukka i fjor men at kampen må fortsetja i fleire år framover. I fjor vart det ikkje arrangert fellesturar, men det er mange interessante turmål og det bør bli fleire slike turar.

Årsmeldinga for dugnadstiltaket uskedalen.no meldte at det ved årsskiftet var over 1.400 nyhende og 3.000 bilete inne på heimesida og at det vart produsert 1.100 nyhende i fjor.

- Her ligg det store verdjar for bygda, heiter det i årsmeldinga.
Annonseinntekta på sida var rundt rekna 50.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen